



REISELIV OG OPPLEVING: Den nye næringsshagen for satsing på reiseliv, kultur og opplevingar vart opna i Austrheim torsdag. Ein super båttur mellom holmar og skjær gav næringsshagen vind i segla. – Næringsshagen vil vera ein viktig samarbeidspartnar gründerar og eksisterande bedrifter som vil utvikla aktivitetar innanfor reiseliv og oppleving, seier dagleg leiar Solveig Lerøy (kvit jakke). Tove Gulbrandsden i nettverket for næringshagar og Heidi Lyng (midten) frå SIVA og Tove Gulbrandsden i nettverk for næringshagar (nr 2 frå høgre) synest satsinga i Nordhordland er veldig spennande.



FRÅ FJELL TIL SJØ: – For oss som satsar på aktivitetar knytta til Masfjordfjella og Stordalen fjellstove, er det spennande å sjå for seg eit nærare samarbeid med næringsshagen. Det er ein styrke at regionen kan tilby alt frå fjellturar til havsport innanfor eit avgrensa geografisk område, seier ha Arne Berg i Berg Fritid i Masfjorden.

Markerer Arne Bjørndal

LINDÅS: Eknesvågens Venner satsar også i år stort på tilskippingar i samband med Kystsovekeken.

I morgon (14.00) kjem Sigbjørn Apeland frå stiftinga Arne Bjørndals samling til Eknesvågen med foredraget «Spelemann som dokumenterte bygdekulturen». Arne Bjørndal var født på Eknes/Bjørndal 11. februar 1882 og døyddde i 1965. Far til Arne var frå Bjørndal. Han var spelemann, kulturhistorikar og folkemusikksamler. Han var også ein kjend kjøgemeistar og songar. Arne Bjørndal rekna seg som stril, sjølv han levde største delen av sitt liv i Bergen. Han

kalla Bergen for »den største byen på Strilelandet».

Arne Bjørndal var sjølvlærd, han hadde inga formell utdanning etter folkeskulen på Vassel. Han vart ein dugande spelemann, men var og tidleg oppteken av samanhengen og heilskapen i den norske folkekulturen. Han tok til å spela fele i 10-årsalderen og kom i lære hjå Ola Mosafinn. Han vann førstepremie på kappleik som 17-åring, og på same tid tok han til å samla inn og notera ned folkemusikk ved hjelp av eige notesystem. Eknesvågens Venner opnar utstilling frå gamleskulen på Vassel (kl.12.00), som idag er skulemuseet på Vassel.



Levi Henriksen til Sletta. Foto: Arnjot Bringedal.

Rock i Emigrantkyrkja

RADØY: I morgon tek Levi Henriksen og Thomas Mårud publikum med på ei musikalsk reise i Emigrantkyrkja på Sletta.

Levi Henriksen er nok for dei fleste kjent som forfatar, med kjente titlar som "Snø skal falle der snø har falt", "Alt det som lå meg på hjertet" og "Bare mjuke pakker under treet". Sistnemnte dannar basis for Bent Hamer sin film Hjem til jul (2010). Søndag er det derimot musikaren og tekstforfattaren Henriksen som skal levera forteljingar til publikum. Saman med Thomas Mårud spelar han rock med tekster frå livet i småbyen. Nyleg kom dei med si fjerde plate, "Langt sakte tog", som hausta gode kritikkar (mellom anna terningkast 5 i Dagbladet). Som tittelen ropar er tog eit gjennomgangstema på plata, eit velbrukt framkomstmiddel i Kongsvinger kor musikarane held til.

"Vi som elsker Amerika"

Konserten har fått tittelen «Vi

som elsker Amerika» og viser til Henriksen og Mårud si musikalske inspirasjonskjelde. Både tekstmessig og musikalsk har dei ei klar tilknytning til Amerika, og liker å sjå seg sjølv som eit «angloamerikansk band med sterke norske røter».

Aarebrot neste ut

Konserten er den første i ein serie arrangement med tittelen «Forestillinger om Amerika», som tek for seg bilete på Amerika i mellom anna populærkultur, politikk og idéhistorie. Neste arrangement er foredraget «Noreg i Amerika og Amerika i Noreg» med professor Frank Aarebrot (UiB) 17. oktober.

Kystsoveke-opning

Konserten er eit av opningsarrangementa for Kystsovekeken i Radøy, som blir opna av ordførar Jon Askeland kl 12 same dag. Det blir musikalske innslag og aktivitetar for heile familien. Arrangementa er i samarbeid med Radøy kommune.